

**Referat frå styremøte nr. 3 -2017**

**Dato:** 27.03.2017

**Tid:** kl. 13.30-15.40

**Stad:** Clarion Hotel i Stavanger

**Til stades:**

*Frå styret:*

Nestleiar Vebjørn Krogsæter, ordførar i Haram kommune

Styremedlem Eva Vinje Aurdal, ordførar i Ålesund kommune

Styremedlem Lena Marie Landsverk Sande, ordførar i Vanylven kommune

Styremedlem Dag Olav Tennfjord, ordførar i Skodje kommune

*Frå administrasjonen:*

Dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Rådgivar Erlend Krumsvik

**Forfall:**

Styreleiar Jan Ove Tryggestad, ordførar i Stranda kommune

Styremedlem Synnøve Vasstrand Synnes, rådmann i Ørskog kommune

Styremedlem Marit Larssen, rådmann i Giske kommune

**Referent:** Erlend Krumsvik

**Sak 12/2017: Velkommen til møtet. Godkjenning av innkallinga. Saker til eventuelt**

Ved nestleiar Vebjørn Krogseter

Det var ingen merknadar til innkallinga. Saka om næringsplan blir tatt opp att i etterkant av møtet med Greater Stavanger.

**Sak 13/2017: Godkjenning av referat frå forrige styremøte 03.02.2017 (nr. 2 - 2017)**

Ved nestleiar Vebjørn Krogseter

I forrige styremøte skulle ein ta kontakt med Rolls Royce om nedbemanning i selskapet. Dette vart omtalt på Haramkonferansen, og saka har blitt avventa etter råd frå Vebjørn Krogseter. Dei bestemmelsane som blir gjort i Rolls Royce, er gjort av styret. Det er ein plan i selskapet, og det er god dialog med dei tillitsvalte i selskapet. Politisk bør ein ikkje sette negativt fokus på ein samfunnsaktør, når det er bransjemessige behov som ligg bak styrevedtaket. Dette kan t.d. ha ringvirkningar på utdanningsval til ungdom.

Referatet vart godkjent.

**Sak 14/2017: Statlege arbeidsplassar.** Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Erlend Krumsvik orienterte om initiativet som kom frå Stein Åm, ordførar i Ørsta kommune. Det vart orientert om saka på siste representantskapsmøte, der ein vart einige om at dette arbeidet vert vidareført av styret. Jan Kåre Aurdal og Erlend Krumsvik har hatt møte med fylkeskommunen, der det har blitt ytra ønske om å koordinere dette arbeidet for heile Møre og Romsdal. Fylkeskommunen skal få i stand eit møte med Mørebenken, der alle regionråda blir invitert med.

Etter initiativ frå Landstad i Fylkeskommunen om å legge Språkrådet til Volda, så har ordførar i Volda hatt møte med Erlend Krumsvik og Otter Grepstad, dagleg leiar i Ivar Aasentunet. Det er ikkje kome støtte frå Ivar Aasentunet på å legge språkrådet til Volda. Det vil bli gjennomført eit nytt møte med Ottar Grepstad, i samarbeid med ordførar i Ørsta kommune, og ordførar i Volda kommune. Det kan vere at det er eit ønske om å legge Språkrådet til ein lokalitet utanom etablerte universitet. Dette kan gi eit val mellom Bø i Telemark, eller Volda.

Det vart orientert frå møte med Bergliot Landstad, Fylkeskommunen i Møre og Romsdal. Det er eit ønske om å få til eit møte med Mørebenken på Stortinget, der fylkeskommunen og dei tre regionråda møter. Etter innspel frå Sunnmøre regionråd er det også eit ønske om å ta med ordførarar frå Venstre og Høgre, for å påvirke i arbeidet.

Dag Olav Tennfjord ytra behov for ordførarane om å ha systematisk kontakt med sunnmørspolitikarar i fylkesgruppa. Desse bør bli invitert inn i møte med representantskapen i Sunnmøre regionråd, slik at ein får til ein betre dialog. Dei som er frikjøpte politikarar bør ein stille litt strengare oppmøtekrav til, enn dei som er fritidspolitikarar.

I ordskiftet kom det fram idear om at kanskje Sunnmøre regionråd kunne ha eit blikk for sakspapira til møte i fylkeskommunen, for å følge med i relasjon til det arbeidet som blir utført i regionrådet.

*Vedtak:* Styret tek orienteringa til vitende, og ber administrasjonen om å finne arbeidsmetodar til å bli bedre orientert om kva som skjer i fylkestinget og i dei andre regionråda. Styret er positive til å møte Mørebenken ilag med dei to andre regionråda, og fylkeskommunen. Det er også eit ønske om å sende med politikarar til møte på Stortinget.

**Sak 15/2017: Sunnmøre Soningssenter.** Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Dette er eit prosjekt det har vore jobba lenge med, og ein har fleire gongar vore nær eit "knekkpunkt" der ein har trudd at ein no var i mål. Det er no viktig å stå på den linja ein jobbar etter.

Det er fleire ting som skjer i saka som vi ikkje har innsikt i. Det står sentralt å få tak i prosjekteringsmidlar for å jobbe vidare med arbeidet. Prosjektet har møtt utfordringar overfor fylkeskommunen, der det blir knytt planutfordringar med Digernesskiftet.

Det er viktig å samle oppslutning frå heile Møre og Romsdal i denne saka, sett i relasjon til det arbeidet ein samla seg rundt ang. lønnskoretet til Politiet til Nordmøre.

Det blir reagert på at fylket stiller seg bak arbeidet i Sunndalen, om å etablere eit kvinnefengsel med 20 plassar. Ein ser at det er ønskelig med arbeidsplassar lokalt, men at det ikkje er knytt fengselsfaglege argument bak ei slik lokalisering.

Dag Olav Tennfjord orienterte styret om arbeidet med prosjektet så langt. Det er håp om prosjekteringsmidlar på kort sikt, men ikkje fullfinansiering av fengselet dei fyrste åra. Det er no viktig å få tomte ferdig regulert, og så halde oppe trykket på arbeidet.

Det er viktig å påvirke budsjettprosessen på Stortinget, slik at prosjektet får tildelt prosjekteringsmidlar.

Styret tok ordskiftet til vitende.

**Sak 16/2017: Demokratiprojektet.** Ved rådgivar Erlend Krumsvik

Erlend Krumsvik orientert om arbeidet med demokratiprojektet. Det blir gjennomført presentasjon til alle kommunestyra på Sunnmøre, inkl. Hornindal kommune. Det er booka møte med dei fleste kommunestyra, og nokre få står igjen. Styringsgruppa har også tatt på seg å arrangere Arena Sunnmøre i slutten av november, der demokratiprojektet også treff formannskapspolitikarane. Fyrste møtet i politikarnettverket er i slutten av august/starten av september, litt avhengig av møteplanen til kommunestyra.

Det har blitt søkt om skjønnsmidler hjå fylkesmannen, og det har vore kontakt med fylkeskommunen om midlar til å gjennomføre forprosjekt om forskningssøknad til Horizon 2020.

Prosjektet har også blitt kontakta av potensielle masterstudentar, som ønsker å skrive masteroppgåve knytt til prosjektet. På sikt er det også eit mål å knyte til oss doktorgradsstudentar.

Styret tok orienteringa til vitende.

**Sak 17/2017: Korleis kan Sunnmøre Regionråd ta ei meir aktiv rolle i forhold til å fremje næringsutvikling og utdanning i vår region?** Ved dagleg leiar Jan Kåre Aurdal

Jan Kåre Aurdal orienterte om ein e-post sendt frå Knut Erik Engh, ordførar i Ulstein kommune. Ein del av dei spørsmåla som blir lagt til grunn vil bli besvart gjennom arbeidet overfor næringslivet, som møte med Greater Stavanger skal ha fokus på.

Styret har valgt å bruke tid til informasjonsinnhenting og refleksjon i arbeidet med næringslivet. Dersom ein hadde forhasta seg, hadde ein kanskje vore i arbeid med ein klassisk plan. Representantskapen har blitt orientering om framdrifta i prosjektet, og styret ser at det har vore ei god modning i arbeidet.

Styret tek orienteringa til vitende, og legg fokus på at orientering om arbeidet til representantskapen er viktig å gi.

**Sak 18/2017: Eventuelt**

Det var ingen saker til eventuelt.